
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 3. mars 2015 12:47
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: Asfaltering av veg på Moldekleiv/Veg, vass og avlaupsanlegg gbnr 27/75
Vedlegg: GODKJENNING - LØYVE TIL TILTAK - VEG, VASS- OG AVLAUPANLEGG GNR 27 BNR 75, MOLDEKLEIV. (L)(369467).pdf; 20150130095833.pdf

Denne skal journalførast på gbnr 27/75 veg, vass og avlaupsanlegg, Moldekleiv

Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 3. mars 2015 12:43
Til: 'post@leiglandbygg.no'
Kopi: Reidun Iden Lædre; Tore Johan Erstad; Bjarte Buanes
Emne: Asfaltering av veg på Moldekleiv/Veg, vass og avlaupsanlegg gbnr 27/75

Hei!

Meland kommune har fått fleire henvendelsar frå bebuarar i Moldekleivmarka i samband med veg, vass og avlaupsanlegg Dykkar firma er ansvarleg søkjar for på gbnr 27/75 på Moldekleiv. Merknadane går på at vegen fram til eigedomsgrensene enno ikkje er asfaltert i tråd med godkjenninga som var gitt i byggjeløyve frå 2011. (DNT-sak 318/11).

Meland kommune er kjent gjennom Brønnøysundregisteret at firma som var godkjent for utførande (UTF) Buck & Jønsson AS er konkurs. Kommunen har ikkje mottatt nokon endringsmelding om endring av ansvarsrett for utførande grunn og terrengarbeider på prosjektet. Det ligg heller ikkje føre ferdigattest for anlegget.

Meland kommune ber ansvarleg søkjar om status i saka.

Vedlagt er kopi av svar sendt bebuarar ane spurte om asfalteringa av vegen.

Med vennleg helsing
Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune

Hei!

Kommunen har fått førespurnad frå to eigarar før deg i Moldekleivfeltet, om kva som blei godkjent når vegen var byggemeldt. Vedlagt ligg kopi av godkjenningsvedtaket på veg, vass og avlaupsanlegget på gbnr 27/75 på Moldekleiv.

På teikninga som er godkjent er det skildra eit slitelag, Agb16, 50 mm (side 9 i vedlegget: Normalprofil veg).

Agb16 er ein type asfalt. Søknaden er difor klar på at vegen skal asfalterast.

Meland kommune kan opplyse om at det ikkje per i dag ikkje er søkt om ferdigattest for veg, vass og avlaupsanlegget. Administrasjonen vil gå ut med eit skriv til ansvarleg søker på prosjektet Leigland Bygg AS, om at kommunen har mottatt førespurnad frå fleire eigarar av tomtane på Moldekleiv som etterlyser ferdigstilling av vegen.

Med vennleg helsing
Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune